



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Seksjon for klima, miljø og internasjonalisering

Vår dato: 02.05.2023
Dykkar dato:
Vår referanse:
Dykkar referanse: 23/07902-6
Vår saksbehandlar: 23/244
Solveig Prestegard

Høyringsvar frå Vestfold og Telemark fylkeskommune - Energikommisjonen, NOU 2023:3 Mer av alt - raskere.

Vi viser til Energikommisjonen sin NOU 2023:3 Mer av alt – raskere, med høyringsfrist 02.05.2023.

Under fylgjer høyringsvaret frå Vestfold og Telemark fylkeskommune. Høyringsvaret har blitt handsama i Fylkestinget i møte 18.04.2023. Vi legg ved saksprotokollen frå møtet, og saksframlegget som var til politisk handsaming.

Fylkestinget har gjort slikt vedtak:

1. Vestfold og Telemark fylkeskommune stiller seg bak Energikommisjonen sin hovudkonklusjon om at det trengs eit taktskifte i arbeidet med å sikre behovet for ny fornybar kraft fram mot 2050, for å oppfylle dei nasjonale klimamåla.
2. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd med Energikommisjonen i at det bør utarbeidast ein betre heilskapleg politikk på nasjonalt hald for å sikre tilstrekkeleg tilgang til ny fornybar kraft. Det er behov for eit mangfald av løysingar for å nå måla om auka produksjon. Den heilskapelege politikken må også sikre at omsynet til andre overordna målsetjingar og plikter på nasjonalt og internasjonalt nivå blir ivaretatt, når det gjeld naturmangfald, menneskerettar, areal m.m.
3. Vestfold og Telemark fylkeskommune vil peike på at det berre i vårt fylke vil det vere behov for ein auke på minst 30 TWh ny fornybar energi for å kutte utsleppa i eksisterande og planlagt industri. I tillegg kjem kraftbehovet for nye, grønne industrietableringar og elektrifisering av transportsektoren. Det er også behov for auka kapasitet i nettet for å nå desse måla.
4. Store punktutslepp frå kraftkrevjande prosessindustri bør prioriterast fyrst når det gjeld tilgangen på kraft, for å kutte utslepp raskt. Å omstille industrien til ein meir klimavennleg og berekraftig produksjon er naudsynt for å ivareta og oppretthalde viktige arbeidsplassar i fylket.



5. Vestfold og Telemark fylkeskommune vil peike på at det er naudsynt å ivareta fleire omsyn samstundes i spørsmålet om utbygging av ny fornybar energi. Omsynet til gode demokratiske prosessar er viktig for lokal forankring og aksept for ny produksjon. Omsynet til naturmangfald og sårbar natur er viktig for at ei auke i kraftproduksjonen ikkje skal komme i konflikt med Noregs internasjonale forpliktingar frå naturtoppmøtet.
6. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd i at energieffektivisering og bruk av overskotsvarme i industrien er eit raskt og effektivt verkemiddel som det er behov for å arbeide meir strukturert og målretta med. Det må komme økonomiske verkemiddel og rammevilkår på plass som gjev både kommunar, industri og privatpersonar grunn til å setje i gang energieffektiviseringstiltak raskt.
7. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd med Energikommisjonen i at kommunar som blir vertskap for ny fornybar kraftproduksjon, eller auka produksjon på eksisterande anlegg, må få ein del av verdiskapinga. Dette vil bidra til større lokal aksept for dei inngrepa og arealet som går med til slik utbygging.
8. Vestfold og Telemark fylkeskommune er eit fylke med store vasskraftutbyggingar. Ved spørsmål om vilkårsrevisjon bør ein ikkje utelukkande ta omsyn til tapet av produksjon, men også ta omsyn til lokale synspunkt og miljøfaglege råd og forpliktingar.
9. Biogass kan bidra med 22 TWh energi, dersom teknologi og råstoff utvikles og utnytted. Dette bør spille en større rolle i utviklingen av norsk energimix. Vestfold og Telemark fylkeskommune saknar ei grundigare vurdering av biogass som eit supplement til drivstoff i transportnæringa og som oppvarmingskjelde.
10. Vestfold og Telemark fylkeskommune meiner dei regionale styresmaktene sin rolle i arbeidet med fornybar energi bør styrkast og vidareutviklast.
11. Vestfold og Telemark fylkeskommune VTFK motsetter seg ikke at myndighetene legger til rette for mer kunnskap om kjernekraft, selv om dette ikke inngår i løsningene for fornybar energi fram til 2030.
12. Fylkeskommunen oppfordrer til å erstatte "første mann til mølla" prinsippet for tildeling av nettkonsesjoner. Fylkeskommunen oppfordrer til at man i utviklingen av energipolitikken videre utreder muligheter for myndighetene til å prioritere hvilke aktører som skal få tilgang til mer elektrisitet. Samt at det utredes muligheter for å sette krav om egenproduksjon av strøm i forbindelse med tilknytning til strømmettet og uttak av strøm.
13. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd med energikommisjonen i at me treng ei storstilt satsing på energieffektivisering. Å gjere bygg og industri meir energieffektiv kan frigjere energi raskt, mykje av dette kan gjerast i fylkeskommunen. Difor ber Vestfold og Telemark



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

fylkeskommune om at det kjem midlar til energieffektivisering i fylkeskommunale bygg, samt at kommuner og fylkeskommuner får midlar til søkbare ordningar som støttar energieffektivisering hjå innbygarar og bedrifter.

Med helsing

Cathrine Nedberg
Konst. seksjonsleiar

Solveig Prestegard
Rådgjevar
solveig.prestegard@vtfk.no

Vedlegg 1 – Saksprotokoll frå Fylkestinget i Vestfold og Telemark fylkeskommune 18.04.2023

Vedlegg 2 – Saksframlegg til Fylkestinget i Vestfold og Telemark fylkeskommune

Dokumentet er elektronisk godkjent og sendes uten signatur.

Mottaker	Kontaktperson	Adresse	Post
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENTET		Postboks 8148 Dep	0033 OSLO



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

Saksprotokoll

Arkivsak 23/07902
Saksbehandler Solveig Prestegard

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Hovedutvalg for klima, areal og plan	30.03.2023	18/23
2 Fylkesutvalget	12.04.2023	15/23
3 Fylkestinget	18.04.2023	41/23

Høyringsvar Energikommisjonen - NOU 2023 : 3 Mer av alt - raskere.

Fylkestinget har behandlet saken i møte 18.04.2023 sak 41/23

Møtebehandling

Under behandling av sak 41/23 var det 60 representanter til stede i møtet. Representanten Anita Miric (H) var ikke til stede (pga tekniske problemer)

Representanten Ådne Naper (SV) gjorde oppmerksom på at pkt 11 i uttalelsen i hovedutvalg for klima, areal og plan har feil tekst gjengitt og fremmet følgende forslag:

11. VTFK motsetter seg ikke at myndighetene legger til rette for mer kunnskap om kjernekraft, selv om dette ikke inngår i løsningene for fornybar energi fram til 2030.

Representanten Thorleif Fluer Vikre (FrP) fremmet følgende forslag:

1. Vestfold og Telemark fylkeskommune stiller seg bak Energikommisjonen sin hovudkonklusjon om at det trengs eit taktskifte i arbeidet med å sikre behovet forny fornybar **og utslippsfri** kraft fram mot 2050, for å oppfylle dei nasjonale klimamåla.
2. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd med Energikommisjonen i at det bør utarbeidast ein betre heilskapleg politikk på nasjonalt hald for å sikre tilstrekkeleg tilgang til ny fornybar **og utslippsfri** kraft. Det er behov for eit mangfald av løysingar for å nå måla om auka produksjon. Den heilskaplege politikken må også sikre at omsynet til andre overordna målsetjingar og plikter på nasjonalt og internasjonalt nivå blir ivaretatt, når det gjeld naturmangfald, menneskerettar, areal m.m.

3. Vestfold og Telemark fylkeskommune vil peike på at det berre i vårt fylke vil det vere behov for ein auke på minst 30 TWh ny fornybar **og utslippsfri** energi for å kutte utsleppa i eksisterande og planlagt industri. I tillegg kjem kraftbehovet for nye, grønne industrietableringar og elektrifisering av transportsektoren. Det er også behov for auka kapasitet i nettet for å nå desse måla.

4. Store punktutslepp frå kraftkrevjande prosessindustri bør prioriterast fyrst når det gjeld tilgangen på kraft, for å kutte utslepp raskt. Å omstille industrien til ein meir klimavennleg og berekraftig produksjon er naudsynt for å ivareta og oppretthalde viktige arbeidsplassar i fylket .

5. Vestfold og Telemark fylkeskommune vil peike på at det er naudsynt å ivareta fleire omsyn samstundes i spørsmålet om utbygging av ny fornybar **og utslippsfri** energi. Omsynet til gode demokratiske prosessar er viktig for lokal forankring og aksept for ny produksjon.

6. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd i at energieffektivisering og bruk av overskotsvarme i industrien er eit raskt og effektivt verkemiddel som det er behov for å arbeide meir strukturert og målretta med. Det må komme økonomiske verkemiddel og rammevilkår på plass som gjev både kommunar, industri og privatpersonar grunn til å setje i gang energieffektiviseringstiltak raskt.

7. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd med Energikommisjonen i at kommunar som blir vertskap for ny fornybar og utslippsfri kraftproduksjon, eller auka produksjon på eksisterande anlegg, må få ein del av verdiskapinga. Dette vil bidra til større lokal aksept for dei inngrepa og arealet som går med til slik utbygging.

8. Vestfold og Telemark fylkeskommune er eit fylke med store vasskraftutbyggingar. Ved spørsmål om vilkårsrevisjon bør ein ikkje utelukkande ta omsyn til tapet av produksjon, men også ta omsyn til lokale synspunkt og miljøfaglege råd og forpliktingar.

9. Vestfold og Telemark fylkeskommune saknar ei grundigare vurdering av biogass som eit supplement til drivstoff i transportnæringa og som oppvarmingskjelde.

10. Vestfold og Telemark fylkeskommune meiner dei regionale styresmaktene sin rolle i arbeidet med fornybar **og utslippsfri** energi bør styrkast og vidareutviklast.

11. Vestfold og Telemark fylkeskommune mener regjeringen bør sørge for tilstrekkelig med forsknings- og utviklingsmidler til at Norge kan ta en aktiv rolle innen forskning på trygg kjernekraft og bidra til at verden kan realisere små kjernekraftverk til kraftsystemer og som energikilde i transportsektoren.

12. Vestfold og Telemark fylkeskommune mener regjeringen bør utrede muligheter for å delta i forskningsprosjekter i europeisk og global regi innen utviklingen av MSR reaktorene (saltmeltedreaktorer) og generelt SMR (små modulære reaktorer), herunder søke om fullt medlemskap i Euratom Treaty for å sikre europeisk tilgang til forskningsmidler til norske aktører. Vestfold og Telemark fylkeskommune mener det bør igangsettes en grundig kartlegging av thorium-forekomster i Norge og presentere en analyse av om thorium kan utvinnes lønnsomt i Norge, med forslag til hvordan det kan gjennomføres.

13. Vestfold og Telemark fylkeskommune mener det bør skje en snarlig opprettelse av en egen kjernekraftmyndighet under Olje- og energidepartementet, som tildeles tilstrekkelige midler til å

bygge opp kompetanse på feltet og saksbehandlingskapasitet til å håndtere kjernekraftrelaterte saker.

14. Vestfold og Telemark fylkeskommune mener regjeringen bør utrede behovet for kjernekraft i Norge og mulighetene for å bygge ut kjernekraft av typen SMR og MSR, spesielt på steder hvor det er stort fremtidig kraftbehov, hvor det behøves nettförsterkning eller lokal kraftproduksjon, og hvor dette kan fungere som samfunnstjenlig substitutt eller supplement til nettutvikling.

Representanten Maren Njøs Kurdøl (Rødt) fremmet følgende fellesforslag på vegne av Rødt, AP, SP, SV MDG:

tillegg i punkt 5

Omsynet til naturmangfald og sårbar natur er viktig for at ei auke i kraftproduksjonen ikkje skal komme i konflikt med Noregs internasjonale forplikningar frå naturtoppmøtet.

Nytt punkt:

Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd med energikommisjonen i at me treng ei storstilt satsing på energieffektivisering. Å gjere bygg og industri meir energieffektiv kan frigjere energi raskt, mykje av dette kan gjerast i fylkeskommunen. Difor ber Vestfold og Telemark fylkeskommune om at det kjem midlar til energieffektivisering i fylkeskommunale bygg, samt at kommuner og fylkeskommuner får midlar til søkbare ordningar som støttar energieffektivisering hjå innbygjarar og bedrifter.

Fylkesordførar opplyste at representanten Anita Miric (H) ikkje var til stede i møtet (grunnet tekniske problemar) og det er med dette 60 stemmeberettigede.

Votering

FA LIVE: Forslaget fra Vikre pkt 12-14 fikk 16 stemmer (6 FrP, 1 FP, 1 KrF, 8 H) og falt mot 44 stemmer (18 AP, 5 H, 1 KrF, 4 MDG, 2 Rødt, 8 SP, 3 SV, 2 V, 1 Uavhengig)

Innstillingen fra fylkesutvalget pkt 1 -11 vs forslag fra Vikre pkt 1-11:

Det ble avgitt 59 stemmer: innstillingen fikk 41 stemmer og ble vedtatt mot 18 avgitt for Vikres forslag

Innstillingen satt opp mot justert forslag fra Naper (nytt pkt 11):

Innstillingen fikk 23 stemmer (12 H, 6 FrP, 2 MDG, 1 Uavhengig, 1 Folkets parti) og falt mot 36 stemmer (2 Rødt, 8 SP, 2 MDG, 3 SV, 2 V, 1 KrF, 18 AP) avgitt for justert forslag fremsatt av Naper

Fellesforslaget fra AP, SP, SV, Rødt og MDG – tillegg i pkt 5 ble enstemmig vedtatt

Fellesforslaget fra AP, SP, SV, Rødt og MDG – nytt pkt ble enstemmig vedtatt

Vedtak

1. Vestfold og Telemark fylkeskommune stiller seg bak Energikommisjonen sin hovudkonklusjon om at det trengs eit taktskifte i arbeidet med å sikre behovet for ny fornybar kraft fram mot 2050, for å oppfylle dei nasjonale klimamåla.
2. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd med Energikommisjonen i at det bør utarbeidast ein betre heilskapleg politikk på nasjonalt hald for å sikre tilstrekkeleg tilgang til ny fornybar kraft. Det er behov for eit mangfald av løysingar for å nå måla om auka produksjon. Den heilskaplege politikken må også sikre at omsynet til andre overordna målsetjingar og plikter på nasjonalt og internasjonalt nivå blir ivaretatt, når det gjeld naturmangfald, menneskerettar, areal m.m.
3. Vestfold og Telemark fylkeskommune vil peike på at det berre i vårt fylke vil det vere behov for ein auke på minst 30 TWh ny fornybar energi for å kutte utsleppa i eksisterande og planlagt industri. I tillegg kjem kraftbehovet for nye, grønne industrietableringar og elektrifisering av transportsektoren. Det er også behov for auka kapasitet i nettet for å nå desse måla.
4. Store punktutslepp frå kraftkrevjande prosessindustri bør prioriterast fyrst når det gjeld tilgangen på kraft, for å kutte utslepp raskt. Å omstille industrien til ein meir klimavennleg og berekraftig produksjon er naudsynt for å ivareta og oppretthalde viktige arbeidsplassar i fylket .
5. Vestfold og Telemark fylkeskommune vil peike på at det er naudsynt å ivareta fleire omsyn samstundes i spørsmålet om utbygging av ny fornybar energi. Omsynet til gode demokratiske prosessar er viktig for lokal forankring og aksept for ny produksjon. Omsynet til naturmangfald og sårbar natur er viktig for at ei auke i kraftproduksjonen ikkje skal komme i konflikt med Noregs internasjonale forplktingar frå naturtoppmøtet.
6. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd i at energieffektivisering og bruk av overskotsvarme i industrien er eit raskt og effektivt verkemiddel som det er behov for å arbeide meir strukturert og målretta med. Det må komme økonomiske verkemiddel og rammevilkår på plass som gjev både kommunar, industri og privatpersonar grunn til å setje i gang energieffektiviseringstiltak raskt.
7. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd med Energikommisjonen i at kommunar som blir vertskap for ny fornybar kraftproduksjon, eller auka produksjon på eksisterande

anlegg, må få ein del av verdiskapinga. Dette vil bidra til større lokal aksept for dei inngrepa og arealet som går med til slik utbygging.

8. Vestfold og Telemark fylkeskommune er eit fylke med store vasskraftutbyggingar. Ved spørsmål om vilkårsrevisjon bør ein ikkje utelukkande ta omsyn til tapet av produksjon, men også ta omsyn til lokale synspunkt og miljøfaglege råd og forpliktingar.
9. Biogass kan bidra med 22 TWh energi, dersom teknologi og råstoff utvikles og utnytted. Dette bør spille en større rolle i utviklingen av norsk energimix. Vestfold og Telemark fylkeskommune saknar ei grundigare vurdering av biogass som eit supplement til drivstoff i transportnæringa og som oppvarmingskjelde.
10. Vestfold og Telemark fylkeskommune meiner dei regionale styresmaktene sin rolle i arbeidet med fornybar energi bør styrkast og vidareutviklast.
11. Vestfold og Telemark fylkeskommune VTFK motsetter seg ikke at myndighetene legger til rette for mer kunnskap om kjernekraft, selv om dette ikke inngår i løsningene for fornybar energi fram til 2030.
12. Fylkeskommunen oppfordrer til å erstatte "første mann til mølla" prinsippet for tildeling av nettkonsesjoner. Fylkeskommunen oppfordrer til at man i utviklingen av energipolitikken videre utreder muligheter for myndighetene til å prioritere hvilke aktører som skal få tilgang til mer elektrisitet. Samt at det utredes muligheter for å sette krav om egenproduksjon av strøm i forbindelse med tilknytning til strømnettet og uttak av strøm
13. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd med energikommisjonen i at me treng ei storstilt satsing på energieffektivisering. Å gjere bygg og industri meir energieffektiv kan frigjere energi raskt, mykje av dette kan gjerast i fylkeskommunen. Difor ber Vestfold og Telemark fylkeskommune om at det kjem midlar til energieffektivisering i fylkeskommunale bygg, samt at kommuner og fylkeskommuner får midlar til søkbare ordningar som støttar energieffektivisering hjå innbygjarar og bedrifter.



Vestfold og Telemark

FYLKESKOMMUNE

Arkivsak

23/07902-2

Saksbehandler

Solveig Prestegard

Saksgang

Hovedutvalg for klima, areal og plan

Fylkesutvalget

Fylkestinget

Møtedato

30.03.2023

12.04.2023

18.04.2023

Høyringsvar Energikommisjonen - NOU 2023 : 3 Mer av alt - raskere.

Innstilling fra fylkesdirektøren

1. Vestfold og Telemark fylkeskommune stiller seg bak Energikommisjonen sin hovudkonklusjon om at det trengs eit taktskifte i arbeidet med å sikre behovet for ny fornybar kraft fram mot 2050, for å oppfylle dei nasjonale klimamåla.
2. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd med Energikommisjonen i at det bør utarbeidast ein betre heilskapleg politikk på nasjonalt hald for å sikre tilstrekkeleg tilgang til ny fornybar kraft. Det er behov for eit mangfald av løysingar for å nå måla om auka produksjon. Den heilskaplege politikken må også sikre at omsynet til andre overordna målsetjingar og plikter på nasjonalt og internasjonalt nivå blir ivaretatt, når det gjeld naturmangfald, menneskerettar, areal m.m.
3. Vestfold og Telemark fylkeskommune vil peike på at det berre i vårt fylke vil det vere behov for ein auke på minst 30 TWh ny fornybar energi for å kutte utsleppa i eksisterande og planlagt industri. I tillegg kjem kraftbehovet for nye, grønne industrietableringar og elektrifisering av transportsektoren. Det er også behov for auka kapasitet i nettet for å nå desse måla.
4. Store punktutslepp frå kraftkrevjande prosessindustri bør prioriterast fyrst når det gjeld tilgangen på kraft, for å kutte utslepp raskt. Å omstille industrien til ein meir klimavennleg og berekraftig produksjon er naudsynt for å ivareta og oppretthalde viktige arbeidsplassar i fylket .
5. Vestfold og Telemark fylkeskommune vil peike på at det er naudsynt å ivareta fleire omsyn samstundes i spørsmålet om utbygging av ny fornybar energi. Omsynet til gode demokratiske prosessar er viktig for lokal forankring og aksept for ny produksjon.
6. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd i at energieffektivisering og bruk av overskotsvarme i industrien er eit raskt og effektivt verkemiddel som det er behov for å arbeide meir strukturert og målretta med. Det må komme økonomiske verkemiddel og rammevilkår på

plass som gjev både kommunar, industri og privatpersonar grunn til å setje i gang energieffektiviseringstiltak raskt.

7. Vestfold og Telemark fylkeskommune er samd med Energikommisjonen i at kommunar som blir vertskap for ny fornybar kraftproduksjon, eller auka produksjon på eksisterande anlegg, må få ein del av verdiskapinga. Dette vil bidra til større lokal aksept for dei inngrepa og arealet som går med til slik utbygging.
8. Vestfold og Telemark fylkeskommune er eit fylke med store vasskraftutbyggingar. Ved spørsmål om vilkårsrevisjon bør ein ikkje utelukkande ta omsyn til tapet av produksjon, men også ta omsyn til lokale synspunkt og miljøfaglege råd og forpliktingar.
9. Vestfold og Telemark fylkeskommune saknar ei grundigare vurdering av biogass som eit supplement til drivstoff i transportnæringa og som oppvarmingskjelde.
10. Vestfold og Telemark fylkeskommune meiner dei regionale styresmaktene sin rolle i arbeidet med fornybar energi bør styrkast og vidareutviklast.

Bakgrunn og saksgang

Den 11. februar 2022 oppnemnde Olje- og energidepartementet energikommisjonen som skal kartlegge energibehova og foreslå auka energiproduksjon, med mål om at Norge framleis skal ha overskotsproduksjon av kraft, og at norske straumkundar framleis skal ha rikeleg tilgang på fornybar kraft. Energikommisjonen sitt mandat er å sjå på det langsiktige perspektivet for norsk energipolitikk. Kommisjonen skal kartlegge energibehova og foreslå auka energiproduksjon, med mål om at Noreg framleis skal ha overskotsproduksjon av kraft, samt at rikeleg tilgang på fornybar kraft framleis skal vere eit konkurransefortrinn for norsk industri. Energikommisjonen leverte sin rapport NOU 2023:3 «Mer av alt – raskere» 1. februar 2023. Høyringsfristen er 02.05.2023.

Vestfold og Telemark fylkeskommune er medlem i Kraftfylka. Kraftfylka vil levere si eiga høyringsfråsegn til Energikommisjonen sin rapport. Deira fråsegn er ikkje klar til utarbeidinga av denne politiske saka, og er difor ikkje inkludert i saksframlegget.

Strømnettutvalget leverte si innstilling NOU 2022:6 Nett i tide, 14.06.2022, om korleis konsesjonsprosessane for nettutviklinga kan effektiviserast for å få raskare utbygging av nettet. Strømnettutvalet og Energikommisjonen sitt arbeid må sjåast i samanheng.

Saka blir lagd fram for hovudutval for klima, areal og plan (HKAP) som avgjer uttale. Fylkesutvalet innstiller til fylkestinget som gjer endeleg vedtak i saka.

Saksopplysninger

Energikommisjonen sitt mandat heng saman med dei langsiktige, norske klimamåla og ynsket om å bygge opp ny, grøn industri. Dette vil medføre auka elektrifisering, auka kraftforbruk og auka behov for ny fornybar kraftproduksjon. Konsekvensane av klimaendringane og ein meir usikker geopolitisk situasjon byggjer opp under behovet auka produksjon av ny fornybar energi. Energikommisjonen

viser til at det trengst eit voldsomt taktskifte for å klare å legge om energisystemet for å møte denne utfordringa. «Vi er på vei inn i en ny tid som krever en omfattende omlegging av energisystemet, og vi har dårlig tid. Vi snakker ikke lenger om å øke takten. Vi må opp i et tempo vi ikke har sett før.» (s 9)

Kommisjonen peikar på behovet for meir effektiv og fleksibel energibruk for å senke forbruket, at ein må utløyse investeringar i mange typar fornybar kraft for å få opp produksjonen og ein må auke nettkapasiteten for å få krafta fram.

Energikommisjonen har kartlagt utviklinga i energibruken som viser at det er grunn til å rekne med ein vekst på mellom 21 og 35 TWH i auka kraftforbruk innan 2030, men at nokre prognosar kan vise heilt opp mot 75 TWH auka forbruk, avhengig av kva ein legg til grunn om ny grøn industrietablering.

Miljødirektoratet sine analysar viser at vi kan få 24 TWH auka kraftforbruk pga elektrifisering av industri og petroleumssektoren og mellom 44 og 60 TWH som fylgje av auka kraftforbruk i transportsektoren mot 2050. Det er viktig å presisere at dette ikkje er eksakte prognosar på forbruksveksten, fordi det er usikkerheit blant drivarane. Betre energieffektivisering, avgrensingar i biltrafikken og sirkulærøkonomi vil kunne bidra til ein lågare vekst. Til samanlikning ligg dagens kraftforbruk nasjonalt på i underkant av 150 TWH årleg.

Kommisjonen peikar på at det er tidskritisk å auke utbyggingstakten av fornybar energi, og at det ikkje er tid til å handsame alt slik ein ville i ein normalsituasjon. EU er også godt i gang med ei slik tilnærming på klimautfordringa og energikrisa. Det vil vere naudsynt å jobbe med mange og heilskaplege tiltak samstundes, på fleire område. Energikommisjonen understrekar at folkeretten, menneskerettane og urfolksrettane må respekterast og ivaretakast i energipolitikken.

Energikommisjonen er i fleire saker delt, og medlemma har tatt dissensar på fleire område. I dette saksframlegget har vi tatt med dissensane når det gjeld saker som er særskilt aktuelle for vårt fylke. Energikommisjonen foreslår tiltak på desse områda:

1. Tiltak for ein meir effektiv og fleksibel energibruk: Kommisjonen peikar på at vi må vidareutvikle heilskapen i energisystemet og varmesystema. Smart energibruk som er meir energieffektiv, meir digital, meir fleksibel og responderar på pris, må på plass. Utarbeiding av ein nasjonal handlingsplan.
2. Tiltak for fjernvarme, bioenergi og varmepumper: Om lag halvparten av elektrisitetsbruken i bygningar går til varme, i tillegg har industrien stort varmebehov. Det finnest lokale ressursar som kan utnyttast til varme, og desse må bli utnytta for å bidra til forsyningstryggleiken, t.d. spillvarme frå datasenter, kloakk, avfall osv.
3. Tiltak for auka kraftproduksjon
Det vil vere behov for auka kraftproduksjon sjølv om vi utnyttar potensialet for energieffektivitet. Mange kjelder til ny fornybar kraft må vurderast. Kommisjonen peikar på at prosjekt som bidreg med mykje kraft raskt, og prosjekt som gjev auka effekt og auka fleksibilitet, vil ha størst verdi.

- 3.1. Vasskraft. Kommisjonen legg til grunn at verneplanen for vassdrag ligg fast. Kommisjonen oppmodar om å leggje til rette for auka produksjon av regulerbar vasskraft, m.a. ved opprusting av eksisterande anlegg.
- 3.2. Vindkraft på land. Vindkraft på land gjev høg vinterproduksjon men er ikkje regulerbar. Det er den produksjonsforma som har lågast kostnader per produsert KWh og som kan ha kort realiseringstid samanlikna med havvind. Kommisjonen peikar på at det er viktig med betre lokal aksept og legitimitet, og at ein auka del av verdiskapinga bør gå til vertskommunane.
- 3.3. Vindkraft til havs. Kommisjonen viser til at potensialet for vindkraft til havs er stor. Viktig å få på plass rammevilkår og tildelt areal for slik utbygging. Det er viktig å komme raskt i gang med utbygginga.
- 3.4. Solkraft. Solkraft gjev mest produksjon om våren, sommaren og hausten og kan gje eit godt bidrag til forsyningstryggleiken. Energikommisjonen er svært positiv til solkraft, då denne kan etablerast raskt, men meiner det er viktig at reguleringa blir tilpassa den raske utviklinga.
- 3.5. Kjernekraft. Fleirtalet i Energikommisjonen meiner kjernekraft ikkje er ei løysing for Noreg no.
4. Tiltak for raskare saksgang. Det er mogeleg å effektivisere konsesjonsbehandlinga utan at det går utover demokratiske prosessar eller kvaliteten. Tydelege politiske prioriteringar må gje retning til konsesjonspolitikken.
5. Tiltak for auka nettkapasitet. Utviklinga av kraftnettet er også ein føresetnad for å klare omstillinga som vi må igjennom. Utviklinga av kraftnettet må vere tilpassa dei måla som skal nåast. Energikommisjonen sluttar seg til forslaga til Strømnettutvalet, men går også lenger.
6. Organisering av marknaden, handel m.m. Eit marknadsbasert system med sterk statleg styring også i framtida vil forvalte vannsressursane på ein god måte.
7. Kommunane si rolle. Kommunane har og vil ha eit stort ansvar for utviklinga av det framtidige energisystemet, som planmyndigheit, byggesaksmyndigheit, rådgjevar overfor eigne innbyggjarar .m. Kommunane må involverast og gjerast ansvarlege på ein tydeleg måte. Lokal og folkeleg oppslutnad er avgjerande for å få meir fornybar kraftproduksjon.
8. Prioritering og mål. Kommisjonen viser til at vi har potensialet for utbygging av ny produksjon og energieffektivisering som, dersom ein lukkast med begge deler, kan dekke veksten i kraftforbruket mot 2030. Energikommisjonen er delt i eit fleirtal og mindretal når det gjeld retning og mål.

Om Vestfold og Telemark

Vestfold og Telemark fylkeskommune vedtok i september 2022 (sak 22/09335) sak om «Grønn industri og fornybar energi i Vestfold og Telemark». Fylkeskommunen sitt mål er at 60% av dei direkte klimagassutsleppa i regionen er kutta innan 2030, samanlikna med 2009-nivået. Industrien står for totalt 69 prosent av dei direkte klimagassutsleppa i regionen.

I 2019 stod industrien for høvesvis 10,6 % og 11,6 % av verdiskapinga i Vestfold og Telemark. Fylket har nokre av dei mest produktive prosessindustribedriftene i verda, med store klimaambisjonar. Konkurranskrafta i industrien i fylket er avhengig av evna til grøn omstilling; auka verdiskaping og samtidig reduksjon i klimagassutslepp. For å kutte utslepp av klimagassar, må bruk av fossil energi erstattast av fornybar energi. Dette fører til auka etterspurnad etter kraft.

Gjennom klyngja Powered by Telemark har bedriftene ambisjonar om å gjere Grenland til verdas første klimapositive industriregion innan 2040. Ei slik ambisiøs målsetjing for grøn omstilling i industrien er basert på konkrete prosjekt for m.a. elektrifisering av prosessar, karbonfangst og -lagring (CCs), fornybar hydrogenproduksjon og ny verksemd. Kraftbehovet fram mot 2030 til desse planlagde prosjekta ligg på om lag 30 TWh fram mot 2030. I tillegg kjem industriprosjekt og nyetableringar andre stader i fylket. Det er altså behov for å produsere meir fornybar energi i regionen vår, og samtidig sørge for tilstrekkeleg overføringskapasitet gjennom nettutvikling.

Økonomiske, administrative og juridiske konsekvenser.

Innstillinga har ingen økonomiske, administrative og juridiske konsekvensar for fylket.

Konsekvenser for fylkets klimamål og FNs bærekraftsmål.

Energikommisjonen sitt arbeid med å kartlegge og auke produksjonen av fornybar kraft nasjonalt, vil vere med å bidra til fylket sine klimamålsetjingar om 60% kutt innan 2030, og bærekraftsmål nummer 13 om å stoppe klimaendringene. Tilgangen til fornybar kraft er avgjerande for elektrifiseringa av industrien og transportsektoren, og for omstillinga frå fossil energi til fornybar energi generelt.

Det vil også oppfylle bærekraftsmål nr 7 – rein energi til alle, og nr 11 - bærekraftige byar og samfunn. Inngrep i naturen som følgje av utbygging vil på si side kunne få negative konsekvensar for bærekraftsmål nr 15 – livet på land.

Fylkesdirektørens vurdering

Fylkesdirektøren støttar Energikommisjonen sine vurderingar når det gjeld behovet for auka produksjon og utbygging av fornybar kraft for å nå dei nasjonale og globale klimamåla, og for å sikre arbeidsplassar til grøn industri. Fylkesdirektøren meiner det er avgjerande at det blir gjort eit godt arbeid med å utvikle ein heilskapleg energipolitikk på nasjonalt nivå, som set dei overordna rammene og prioriteringane for energipolitikken.

Energikommisjonen har lagt fram ei grundig og detaljert utgreiing som etter Fylkesdirektøren sitt syn dekker dei viktigaste problemstillingane når det gjeld å raskt få opp tempoet i arbeidet med å sikre tilstrekkeleg tilgang på ny fornybar energi. Fylkesdirektøren er i det store og heile samd med Energikommisjonen sine hovudkonklusjonar. Fylkesdirektøren vil difor i hovudsak løfte fram spørsmål og problemstillingar som er viktige for vårt fylke.

1. Tilstrekkeleg med fornybar kraft ein føresetnad for klimamåla i regionen

Fylkesdirektøren vil peike på at produksjonen av meir fornybar kraft er ein føresetnad for å nå klimaambisjonane i Vestfold og Telemark fylke. Industrien står for 69% av utsleppa i regionen, og

treng auka kraft og betre nettkapasitet for å klare å kutte klimautslepp. Tilgangen på fornybar kraft er ein føresetnad for å oppretthalde viktige arbeidsplassar og verdiskaping. Det er også avgjerande for etableringa av ny industri.

I framskrivingane Energikommisjonen har lagt til grunn peikar alle analysar på at kraftforbruket i industrien vil auke i åra framover. Berre i vår region vil vi ha bruk for nærare 30 TWh fram mot 2030, syner oversikten frå industrien sjølv. Regjeringa bør prioritere å kutte dei store punktutsleppa i område med mykje industri, for slik å kutte store klimautslepp raskt. Framtidig kraftproduksjon til havs må planleggjast med kabel til områder med størst kraft- og effektbehov, og størst behov for klimatiltak i eksisterande kraftintensiv verksemd.

Fylkesdirektøren er samd i at energieffektivisering og bruk av overskotsvarme i industrien er eit raskt og effektivt verkemiddel som det er behov for å arbeide meir strukturert og målretta med. Det må komme økonomiske verkemiddel og rammevilkår på plass som gjev både kommunar, industri og privatpersonar grunn til å setje i gang energieffektiviseringstiltak raskt.

Fylkesdirektøren er samd i at det trengs ny fornybar produksjon innan ei rekkje ulike område, som vind, sol og opprusting av vasskraftverk. Det er viktig at gode rammevilkår kjem på plass, og at konsesjonsprosessane blir endra slik at alle prosjekt, uansett type produksjon, får god lokal forankring. Kommunar må også sikrast ressursar slik at dei har kapasitet og kunnskap nok til å lage dei gode overordna planane som sikrar slike sirkulære løysingar.

Fylkesdirektøren støttar energikommisjonen sine innspel om at vindkraft kan og bør vurderast på områder der areal allereie er tatt, og i kombinasjon med andre føremål som industritomter osb. Lokal forankring og støtte er avgjerande for slike prosjekt.

Fylkesdirektøren meiner det ligg eit stort potensial i solkraft, ikkje minst på eksisterande bygningsmasse og i kombinasjon med energideleløyningar frå både privatpersonar og næringsliv. Det må etablerast gode støtteordningar som oppmodar til slike investeringar.

Vestfold og Telemark fylke vil ikkje berre trenge meir fornybar kraft, men også meir effekt i nettet for å klare å nå klimamåla og målsetjingane om å behalde viktige arbeidsplassar. Alle tiltak som reduserer presset på nettet vil difor vere positivt i vår region, og biogass er eit viktig supplement for å frigjere elektrisitet og redusere slikt press. Biogass kan brukast både i transportsektoren og til oppvarming

Ein ny rapport viser at det er teoretisk mogleg å produsere opptil 20 TWh biogass i Noreg basert på avfallsressursar åleine («Mulighetsrommet for produksjon av biogass i Norge»). Dersom ein legg til grunn at det er mogeleg å oppnå halvparten av dette, svarer det til så mykje som ein firedel av det målet om 40 TWh innan 2023. Det er difor slåande at biogass ikkje er inkludert blant dei foreslåtte energikjeldene vatn, vind og sol. Biogass er heller ikkje inkludert under punkt 9.4.3 om potensialet i transportsektoren, sjølv om biogass er godt utbreidd innanfor kollektivtransporten og i aukande grad tungtransporten. Potensialet for biogass bør utgreiast og prioriterast i langt større grad i oppfølginga av rapporten.

2. Fornybar energi og omsynet til miljø, areal og vassressursar

All energiproduksjon inneber arealinngrep og påverknad på natur og miljø. Difor er det viktig at sentrale styresmakter set rammene for den heilskaplege politikken, i samsvar med andre internasjonale forpliktingar som går på vern av naturmiljø, artar, vassmiljø osv.

Telemark har hatt store vasskraftutbyggingar dei siste hundre åra, og fleire av konsesjonane er eldre konsesjonar som er under revisjon. Fylkesdirektøren vil peike på at Fylkeskommunen har ansvar for vassmiljøet og dei biologiske verdiane i vassdrag. Det bør gjerast ei heilskapleg og konkret vurdering i kvar einskild sak, og ein bør ikkje einseitig ta omsyn til tap av produksjon. Å lytte til lokale synspunkt vil vere viktig, då det vil vere eitt av fleire bidrag til å auke den lokale forankringa og aksepten for utbygging av fornybar kraft i utgangspunktet.

3. Kommunane sin rolle

Fylkesdirektøren er samd med Energikommisjonen i at kommunane spelar ei avgjerande rolle i å få på plass ny fornybar energiproduksjon, og at det å sikre lokal forankring for slike prosjekt er viktig. Kommunar som opnar for ny fornybar kraftproduksjon ein del av desse inntektene, slik systemet er for vasskraftproduksjon i dag. Dette vil gje kompensasjon for inngrep og arealavståing, samstundes som det gjev verdfulle inntekter til kommunane. At lokale kommunar sit att med deler av verdiskapinga, vil også vere viktig for å auke den lokale aksepten for utbygging av ny fornybar energi.

Ei anna side av kommunane si rolle, er arbeidet og deltakinga inn i dei demokratiske prosessane kring konsesjonshandsaminga. Kommunane må bli sett i stand til å bidra raskt og godt inn i konsesjonsprosessane ved å ha tilstrekkeleg med ressursar og kompetanse.

Fylkesdirektøren saknar eit større fokus på det regionale perspektivet og fylkeskommunane si rolle i arbeidet med å få meir tilgjengeleg kraft, raskare. Kraftfylka har spelt inn at fylkeskommunane kan ta ei koordinerande rolle og sikre forankring med regionale planar. Fylkesdirektøren meiner fylkeskommunane kan ta ei større rolle i den regionale koordineringa, ikkje minst i samband med regionale planar. Dette bør kome betre fram i oppfølginga av Energikommisjonen sin rapport.

Fylkeskommunane har også eit ansvar for å gå framom med gode døme, og dette har Vestfold og Telemark i stor grad gjort. Mellom anna har VTFK investert 25 millionar kroner til solcelleanlegg på alle fylkeskommunens bygg og 40 millionar kroner i lønsame energieffektiviserande tiltak i fylkeskommunens bygg, noko som tilsvare 4,4 millionar Kwh i spart energi.

Vedlegg:

Notat om NOU 2023:3

Høyringsbrev frå OED 01.02.2023